



VOSS KOMMUNE
Kommunalavdeling for helse og sosiale tenester

Arbeids- og sosialdepartementet	
Saksnr.: 200503121	Dok.nr.: -115
Arkivkode: 416.0	Dato: 18.11.05
Avd.: DRAD - SAP	Saksbeh.:
U.off.:	

Det Kongelige Arbeids- og Sosialdepartement
Boks 8019

0030 OSLO

Vår ref
02/1490 - 19596/05

Etat/ avd.
HS

Saksbeh
MV

Ark.
024

Dykkar ref.

Dato
17.11.2005

Høyringsuttale til:

Forslag til ny lov om arbeids- og velferdsforvaltninga og tilpasningar i visse andre lover.

Voss kommune har dei siste 10 åra hatt eit forpliktande samarbeid med faste møte mellom sosialkontoret, aetat og trygdekontoret. Som tiltakskonsulent vil eg koma med nokre synspunkt ut frå dei erfaringane vi har gjort og korleis dei samsvarer med framlegget til den nye lova om arbeids- og velferdsforvaltninga. Eg vil ta opp nokre problemstillingar som framlegget ikkje har teke opp, eller der det er uklære lovframlegg eller ansvarsfordeling.

Målgruppa:

I innleiinga til framlegget er det understreka at målet for organisasjonsreforma er at færre skal ha trygd og stønad og fleire skal tilbakeførast til arbeid. Dessutan at reforma blir brukarvennleg. Grovt sett kan vi dela brukarane av sosialkontoret inn i to hovudgrupper:

- dei som har ei trygdeyting som er for liten og difor har trong for supplerande sosialhjelp.
- dei som har ulike hindringar og har vanskar med rettar i høve trygd og arbeid.

Desse brukaren blir avhengig av sosialhjelp over lang tid, og dei fyller difor ikkje intensjonen i lov om sosiale tenester: at sosialhjelp skal vera ei kortvarig yting. Den første gruppa ville bli radikalt redusert dersom ytingane til medisinsk rehabilitering, uføretrygd, yrkesmessig attføring og stønad til utprøving (t.d. individstønad) blei auka. T.d. ved at det i utmålinga av stønadsnivået også blei tatt høgde for å gje støtte til bustad/straum osv. Dette er no meir og meir blitt eit kommunalt ansvar. Om brukarane våre kan vi elles understreka at det er få som er reelle arbeidssøklarar, og dei vil som regel forsvinna ut av vårt system etter kort tid.

Erfaringa vi har gjort i tverrfagleg samarbeid, er at dei fleste klientar/brukarar koordinerer kontakten med dei ulike etatane sjølve. Men gruppa vi samarbeider om, har samansette vanskar som det tek lang tid å avklara. Brukarane kan ha hindringar av ulik sosial og psykisk karakter. Det kan vera rus/psykiatri, ulike evnemessige problem, hindringar i væremåte/personlegdom osv. I tillegg kjem dei klientane som er kasteballar mellom ulike trygdeordningar. T.d. for "friske" til uføretrygd, men for sjuke til arbeidslivet - personar som har vore gjennom ulike tiltaksplassar, men som arbeidslivet av ulike årsaker ikkje vil ha eller har bruk for. I tillegg kjem den store aukande gruppa av innvandrarar som har vore gjennom den første fasen med integreringstilskot og tiltak, men som ikkje blir integrerte i arbeidslivet vidare.

Det blir difor for enkelt å laga ei målsetnad om at fleire skal tilbakeførast til arbeid når arbeidslivet ikkje vil ta i mot desse gruppene! Det må ev. ei lovending til for at arbeidslivet skal måtta kvotera inn denne store gruppa.

Tiltak/verkemiddel:

I tillegg til innvandrarak, kjem den aukande gruppa med unge (20/30 år). Det er den gruppa eg som tiltakskonsulent vurderer bør ha meir lovfesta rettar. Gruppa er samansett, men ofte med ulik grad av rus og psykiske vanskar. Dei har også problem med å bli "tilpassa" krava til dei statlege etatane. Hindringane påverkar funksjonsevna - som påverkar stabile oppmøte – og gjer at dei ikkje oppfyller krava til t.d. medisinsk rehabilitering. I våre tverretatlege møte har vi hatt eit ynskje om ambulant team frå 2. linjetenesta som kan oppsøkja klientane når dei fell ut av behandling. Dette for at dei skal behalda trygdeytninga og innfri krav til behandling. Diagnosesystemet til trygderetten er heller ikkje "oppdatert" i høve denne gruppa. Dei fell og ut av yrkesmessig attføring/tiltak då funksjonsevna gjer dei ustabile som arbeidskraft. Det bør difor vera særlege tiltak som tek høgde for deira vanskar.

Situasjonen er no at denne svært sårbare gruppa blir sosialklientar over lang tid då dei "ikkje passar" inn i byråkratiske reglar for trygd og arbeid. Sjølv om det er understreka i punkt 4.3.1 at det skal vera ein tydelege ansvars- og arbeidsdeling mellom stat og kommune, finn eg lite konkret om korleis, og kven som har ansvaret. Derimot tolkar eg dette punktet slik på s. 33 at det kan bli kommunane som "overtek" ansvar for ein del statlege oppgåver, dvs. dei "vanskelege" brukarane/klientane. (jmf. forslag til § 3)

Eit godt verkemiddel for å avklara kven som har ansvaret, kan vera både individuell plan og velferdskontrakt. For at ein slik kontrakt/plan skal ha reell makt, må brukar ha lovfesta rettar til verkemidla. Eller blir ofte ein slik plan lite forpliktande og berre til "pynt". T.d. at ein i ein slik prosess har visse rettar som t.d. tiltaksplass/arbeid, bustad og at ein kan klage på dette. Ein søknad om t.d. utprøving bør bli handsama som eit enkeltvedtak, også i dei statlege etatane. Husvære og tiltaket/arbeidet må då vera reelle og tilpassa behova deira. Brukarar med samansette vanskar må ha høve til å klage på verkemidla både i ein utprøvingfase og seinare i ein rehabiliteringsprosess/ettervern.

Kunnskap:

Det er ikkje alle tenester ein likevel kan løysa med rettslege verkemiddel. Behova til brukarane blir no litt tilfeldig tolka og vurderte etter kva kulturar dei ulike etatane har.

Skal ein få ei "rask og heilskapleg" behovsavklaring, s. 25, er ein viktig føresetnad for å ha eit felles brukaransvar også at ein har kunnskap om desse kompliserte brukarane. Eg ser ein "fare" med samordningsforsøka at vi kan bli byråkratar for å sleppa det komplekse! I vår utdanning er det lagt stor vekt på kunnskap om desse brukarane som vi også ynskjer å formidla til andre etatar, eller at dei får høve til vidareutdanning i dette. Vi må ha eit felles mål for gruppa og ei felles forståing for å gje effektiv hjelp til desse brukarane.

Erfaringsnotata om samordningsforsøket frå t.d. Telemarksforskning seier lite om kva klientar som har profitert på samordningsforsøket. I tilbakemeldinga frå brukarorg. og brukarrepresentanter til Rattsutvalet blei det i NOU 2004:13, s. 13 understreka at brukarane sjølve også ynskjer ei betre samordning. Men vi må ikkje bli så opptatt av å sy saman "keiserens nye klær" at vi gløymer kven kledda skal passa til!

Med helsing

Magne Vassenden
Kommunalsjef

Reidun Bøyum
tiltakskonsulent